



FMV238 er same designtype som FMV232 «Aqua Star» avbilda her, HFMV Sørfonn-designet. Foto: FMV.

## Fitjar Mekaniske signerer og leverer

Aqua Seawork og Fitjar Mekaniske Verksted har signert design- og byggekontrakt på ein arbeids- og servicebåt av typen HFMV W15 Sørfonn, går det fram av ei pressemelding frå Hugo Strand.

Fartøyet er ein katamaran med hovuddimensjonar 14.95 x 12 x 3.9 m LxBxDriß. Båten får byggenr. FMV 238, blir designa og bygd komplett på Fitjar og skal overleverast i mars 2018.

– I mai 2017 leverte vi FMV232 «Aqua Star» til same reiarlaget. FMV er særskilt fornøgd med igjen å ha blitt føretrekt som designleverandør og byggeverft for ein avansert arbeidsbåt til Aqua Seawork. Det er kjekt at tidligare kunder vel å komma tilbake til oss, seier verftsdirektør Hugo M. Strand.

I forhold til «Aqua Star» har FMV238 større maskineri og krankapasitet.

Aqua Seawork AS held til i Herfjord, Åfjord kommune på Fosen-halvøya, og blei etablert i 2013. Eigarane er Arne Magnar Guttelvik og Wenche Sundet gjennom Guttelvik Næringspark. Reiarlaget eig per no fire fartøy av HFMV design, FMV238 blir det femte.

Denne veka mottar Stava Sjø FMV237 «Topas». Også dette er eit HFMV Sørfonn-design, utvikla og eigmeld i fellesskap av Heimli og FMV. Verftsdirektør Hugo Strand takkar reiarlaga for tilliten.

– FMV leverer åtte arbeidsbåtar i 2017. Samtlige er av ulike typar HFMV design og bygde komplett i Norge. Våre kundar satser, og det er nødvendig om bl.a. havbruksnæringa skal nå sine mål med omsyn til kosteffektiv produksjon og vekst, legg Strand til.

FMV er elles godt i gang med bygging av Kystverkets nye flaggskip, spesialfartøyet FMV40 «OV Ryvingen». Og startar no med skrogbygging på ein prosessbåt til Napier AS, FMV39. Også desse er av HFMV design og blir bygde komplett i Norge.